

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 94/2004

av 9. juli 2004

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 69/2004 av 8. juni 2004⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2003/378/EF av 23. mai 2003 om endring av vedtak 2002/300/EF om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽²⁾, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2003/390/EF av 23. mai 2003 om innføring av særlege vilkår for markedsføring av arter av akvakulturdyr som anses som ikke mottakelige for visse sykdommer, og produkter av disse⁽³⁾, skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsvedtak 2003/458/EF av 12. juni 2003 om endring av vedlegg I og II til vedtak 2002/308/EF om utarbeiding av lister over godkjende soner og godkjende oppdrettsanlegg med omsyn til hemoragisk virusseptikemi (VHS) eller infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) eller begge desse fisesjukdommane⁽⁴⁾, skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2003/466/EF av 13. juni 2003 om fastsettelse av kriterier for opprettelse av soner og offentlig overvåking ved mistanke om eller bekreftet forekomst av infeksjøs lakseanemi (ILA)⁽⁵⁾, skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2003/634/EF av 28. august 2003 om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fisesjukdommane

⁽¹⁾ TEU L 349 av 25.11.2004, s. 23, og EØS-tillegget til TEU nr. 59 av 25.11.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 130 av 27.5.2003, s. 27.

⁽³⁾ TEU L 135 av 3.6.2003, s. 19.

⁽⁴⁾ TEU L 154 av 21.6.2003, s. 93.

⁽⁵⁾ TEU L 156 av 25.6.2003, s. 61.

hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN)⁽⁶⁾, skal takast inn i avtala.

- 7) Kommisjonsvedtak 2003/729/EF av 6. oktober 2003 om endring av vedtak 2002/300/EF om utarbeiding av lista over godkjende soner med omsyn til *Bonamia ostreae* og/eller *Marteilia refringens*⁽⁷⁾, skal takast inn i avtala.
- 8) Vedtak 2003/390/EF opphevar kommisjonsvedtak 93/22/EØF⁽⁸⁾ og 93/55/EØF⁽⁹⁾, som er tekne inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 9) Vedtak 2003/634/EF opphevar kommisjonsvedtak 2002/304/EF⁽¹⁰⁾, som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 10) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2003/378/EF, 2003/390/EF, 2003/458/EF, 2003/466/EF, 2003/634/EF og 2003/729/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. juli 2004, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽⁶⁾ TEU L 220 av 3.9.2003, s. 8.

⁽⁷⁾ TEU L 262 av 14.10.2003, s. 37.

⁽⁸⁾ TEF L 16 av 25.1.1993, s. 8.

⁽⁹⁾ TEF L 14 av 22.1.1993, s. 24.

⁽¹⁰⁾ TEF L 104 av 20.4.2002, s. 37.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 9. juli 2004.

*For EØS-komiteen
Formann*

Kjartan Jóhannsson

Sekretærar for EØS-komiteen

Ø. Hovdkinn M. Brinkmann

VEDLEGG
til avgjerd i EØS-komiteen nr. 94/2004

I vedlegg I kapittel I vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 3.2 etter nr. 28 (kommisjonsvedtak 2003/422/EF) skal nytt nr. 29 lyde:

”29. **32003 D 0466:** Kommisjonsvedtak 2003/466/EF av 13. juni 2003 om fastsettelse av kriterier for opprettelse av soner og offentlig overvåking ved mistanke om eller bekreftet forekomst av infeksjøs lakseanemi (ILA) (EUT L 156 av 25.6.2003, s. 61).

Denne rettsakten får også anvendelse for Island.”
2. I del 4.2 nr. 65 (kommisjonsvedtak 2002/300/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32003 D 0378:** Kommisjonsvedtak 2003/378/EF) av 23. mai 2003 (EUT L 130 av 27.5.2003, s. 27),

– **32003 D 0729:** Kommisjonsvedtak 2003/729/EF av 6. oktober 2003 (EUT L 262 av 14.10.2003, s. 37).”
3. I del 4.2 nr. 66 (kommisjonsvedtak 2002/308/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 D 0458:** Kommisjonsvedtak 2003/458/EF av 12. juni 2003 (EUT L 154 av 21.6.2003, s. 93).”
4. I del 4.2 etter nr. 71 (kommisjonsvedtak 2003/644/EF) skal nytt nr. 72. og 73 lyde:

”72. **32003 D 0390:** Kommisjonsvedtak 2003/390/EF av 23. mai 2003 om innføring av særlege vilkår for marknedsføring av arter av akvakulturdyr som anses som ikke mottakelige for visse sykdommer, og produkter av disse (EUT L 135 av 3.6.2003, s. 19).

Denne rettsakten får også anvendelse for Island.

73. **32003 D 0466:** Kommisjonsvedtak 2003/466/EF av 13. juni 2003 om fastsettelse av kriterier for opprettelse av soner og offentlig overvåking ved mistanke om eller bekreftet forekomst av infeksjøs lakseanemi (ILA) (EUT L 156 av 25.6.2003, s. 61).

Denne rettsakten får også anvendelse for Island.”
5. Teksta i del 4.2 nr. 8 (kommisjonsvedtak 93/22/EØF) og nr. 15 (kommisjonsvedtak 93/55/EØF) opphevast.

6. I del 4.2 etter nr. 54 (kommisjonsvedtak 2002/907/EF) under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*”, skal nytt nr. 55 lyde:

“55. **32003 D 0634**: Kommisjonsvedtak 2003/634/EF av 28. august 2003 om godkjenning av program med sikte på å gje soner og oppdrettsanlegg i soner som ikkje er godkjende, status som godkjende med omsyn til fiskesjukdommane hemoragisk virusseptikemi (VHS) og infeksjøs hematopoietisk nekrose (IHN) (EUT L 220 av 3.9.2003, s. 8).

Denne rettsakten får også anvendelse for Island.”

7. I del 4.2 under overskrifta ”*RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGSORGAN SKAL TA BEHØRIG HENSYN TIL*” opphevast teksta i nr. 52 (kommisjonsvedtak 2002/304/EF).